

FAU Kløve skule  
Ann Kristin Bjørsvik

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/69 - 17/9814

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
30.03.2017

## Svar - Veglys langs "gamlevegen" mellom Kløvheim skule og Fammestad

Vegavdelinga i Lindås kommune har hatt møte ang. denne saka og våre i kontakt med Tor Espen i Bergen Fiber. Bergen Fiber har for tida inne ein søknad om å få nytte telestolpane til Telenor for å få fiber over «gamlevegen» mellom Fammestad og Kløvheim skule.

Pr. i dag er det vedtak frå tidlegare saker som ligg til grunn for at kommunen avslår å byggje ut med nye veglys langs kommunal veg. For å endre denne praksisen må det på nytt opp saker til politisk handsaming og den prosessen tek tid. Bergen Fiber er godt i gang med utbygginga og kan ikkje vente.

Det ikkje sett av midlar til utbygging av nye veglysanlegg i budsjettet for 2017. Lindås kommune har difor ikkje høve til å setje opp stolpar og lys langs den kommunale vegen mellom Fammestad og Kløvheim skule.

I tillegg til utbyggingskostnad vil det årleg komme ekstra utgifter ved fellesføring i master. Det inneber leigekostnad til stolpeeigar i tillegg til beredskap, drift og straum.

Med helsing

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør - vegavdelinga

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
FAU Kløve skule



**Mottakarar:**  
Kløvheim bygdelag